



| Styre/råd/utval | Møtedato | Saknr |
|-----------------|------------|-------|
| Formannskapet | 10.06.2024 | 58/24 |

Saksansvarleg: Øystein Tveit

Arkiv: FE-140

Arkivsaknr.: 23/12794

Forslag til planstrategi for Midt-Telemark kommune 2024-2027

Kommunedirektørens innstilling:

Vedlagt forslag til planstrategi for Midt-Telemark 2024-27 vert gjort offentleg kjent og sendast nabokommunar og overordna myndigheiter for innhenting av synspunkt, jf. plan- og bygningslova § 10-1.

10.06.2024 Formannskapet

Behandling:

Assisterande kommunedirektør Øystein Tveit orienterte til saken:

Forslag til tillegg fra Ingemar Bråten på vegne av SP, FRP, H og KRF.

Formannskapet ber om at administrasjonen ser på mulighetene for å prioritere områdeplan for Bø sentrum allerede i 2025.

Innstillinga med tillegg ble enstemmig vedtatt.

FS- 58/24Vedtak:

Vedlagt forslag til planstrategi for Midt-Telemark 2024-27 vert gjort offentleg kjent og sendast nabokommunar og overordna myndigheiter for innhenting av synspunkt, jf. plan- og bygningslova § 10-1.

Formannskapet ber om at administrasjonen ser på mulighetene for å prioritere områdeplan for Bø sentrum allerede i 2025.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret skal innan det første året av si periode utarbeide ein planstrategi for den komande fireårsperioden, jf. plan- og bygningslova § 10-1. Planstrategien skal vurdere om gjeldande kommuneplan skal reviderast og prioritere planarbeidet i perioden basert på utviklingstrekk og utfordringar. Forslag til planstrategi for Midt-Telemark 2024-27 følgjer vedlagt.

Saksomtale:

Kommunestyret vart informert om oppstarten av planstrategiarbeidet 04.12.23 (sak 152/23). Den 22.04.24 vart det gjennomført ein politisk verkstad om planstrategien i kommunestyret, der det også vart presentert utfordringsbiletet og folkehelseoversikta. Prioriteringane i den foreslåtte

planstrategien tek omsyn til tilgjengeleg kapasitet, sentrale utfordringar og tidlegare politiske signal.

Det er foreslått at samfunnsdelen vert vidareført slik den er og ikkje reviderast i denne planperioden, men at den reviderast i neste planperiode (2028-2031). I denne prosessen skal det vurderast moglegheiter for omstilling av plansystemet i Midt-Telemark kommune og forbetring av koplinga mellom overordna planar og økonomi. Det vert vurdert at kapasiteten i inneverande planperiode ikkje strekk til ein slik omfattande prosess.

Det er likevel foreslått at kommuneplanens arealdel reviderast så tidleg som mogleg i planperioden, grunna fleire problemstillingar som skal belyst gjennom dette arbeidet. Dette vil vere ein kapasitets- og økonomikrevjande prosess, som vil krevje at administrasjonen prioriterer bort andre planoppgåver i kortare periodar.

Det er også foreslått at enkelte planar vert oppheva. Årsaka til dette er at administrasjonen på desse områda anten ikkje ser behovet for å vidareføre eigen plan, ikkje har kapasitet til å følge opp planverket, eller meiner at innhaldet i planen ikkje er tilpassa dagens situasjon i kommunen.

Det er ikkje krav om offentleg ettersyn og høyring av forslag til planstrategi, men kommunen skal innhente synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar og gjere planstrategien offentleg kjent minst 30 dagar før kommunestyret si behandling, jf. plan- og bygningslova § 10-1. Etter behandling i formannskapet, vil forslag til planstrategi sendast til nabokommunar og statlege og regionale myndigheiter og gjerast offentleg kjent via heimesida. Endeleg vedtak av planstrategien er planlagt i kommunestyret 09.09.24.

Vedlegg:

| | | |
|------------|------------------------------------|---------|
| 31.05.2024 | Forslag til planstrategi 2024-2027 | 1638949 |
| 31.05.2024 | Utfordringsbilde 2024 | 1637667 |
| 31.05.2024 | Folkehelseoversikt 1.0 2024-2027 | 1637668 |
| 31.05.2024 | Nasjonale-forventninger-2023-2027 | 1637669 |